

Min heimstad er ikkje eit hus

av Vilma (14 år)

Eit undervisningsopplegg laga av Nynorsksenteret

I dette undervisningsopplegget skal elevane reflektere over kva ein heimstad kan vere, og korleis ein stad kan ha ein emosjonell verdi og ha betydning for kven ein er. Elevane skal lese ein personleg tekst, lytte til ein songtekst og sjølv skrive ein tekst om kva som er heime for dei. Opplegget kombinerer lesing, skriving, munnleg refleksjon og ei kreativ oppgåve, som legg til rette for elevane sine egne erfaringar.

Før vi les

- Presskriv i to minutt: Kor føler du deg mest heime? Og kvifor er det slik?
- Er det forskjell på «hus» og «heim»? Diskuter med ein medelev.

Medan vi les

- Les teksten og ha fokus på staden som er viktig for eg-personen. Teikn staden.
- Kva funksjon har staden? Korleis blir han skildra?
- Set ring rundt orda som viser kjensler knytt til staden.

Etter vi har lese

- Oppsøk staden du har skrive om under presskrivinga. Ta bilete av staden. Dersom det ikkje er mogleg å oppsøke staden fysisk, kan du bruke eit bilete du allereie har, eller finne eit bilete som liknar.
- Finn relevante ord (substantiv, verb, adjektiv) som skildrar staden der du føler deg heime.
- Kva er det med denne staden som gjer at du føler deg heime?
- Skriv ein samanhengande personleg tekst om kvifor denne staden er ein heim for deg. Bruk fleire av dei relevante orda frå tidlegare i eigen tekst. Du skal formidle kjenslene og tankane dine med konkrete døme.
- Artisten Synne Vo skriv om kva som har forma ho til den ho er i songen «Heime», og kva som gjev ho ei kjensle av å høyre til. Kva er det som er «heime» i teksten til Vo, og kva er det som er heime i teksten du nett har lese?

Refleksjonsspørsmål:

- Når føler du deg fri?
- Kan ein stad vere ein heim sjølv om han ikkje alltid er positiv? Kvifor/kvifor ikkje?

Svar på spørsmåla skriftleg.